



# 9. Brexit og framtidig fiskeriforvaltning i Nordsjøen

Trond Bjørndal og Gordon R. Munro

**Samandrag** Noreg og EU har samarbeidd om fiskeriforvaltning i Nordsjøen i meir enn 40 år. Dette omfattar fastsetjing av totalkvoter, medan kvotedelinga har vore uendra. Med Brexit vert det tre partar, noko som vil krevje ein ny avtale. Britisk økonomisk sone er viktig ikkje berre for eigne fiskarar, men og for Noreg og EU27, noko som kan føre til vanskelege forhandlingar. Ein må likevel sjå dette i ein større samanheng, der nye handelsavtalar kan vere avgjerande for kva ein kjem fram til på fiskerisektoren.

**Nykelord** økonomisk sone | kvotedeling | sonetilgjenge | spelteori | Nordsjøen

**Abstract** Norway and the EU have cooperated about fisheries management in the North Sea for more than 40 years. This includes setting TACs, while quota sharing has remained unchanged. With Brexit there will be three parties, and a new agreement will be required. The UK zone is important not only for British fishermen, but also for Norway and EU27, which may give rise to challenging negotiations. Nevertheless, this must be view in a larger context, as new trade agreements could be very important also for a fisheries agreement.

**Keywords** economic zone | quota sharing | quota access | game theory | North Sea

## 9.1 INNLEIING<sup>1</sup>

Nordsjøen er eit svært produktivt fiskeområde av stor betydning for omkringliggjande kyststatar – Noreg, United Kingdom (UK), Sverige, Nederland, Frankrike, Tyskland, Danmark og Belgia, med gjennomsnittleg årleg fangst dei siste åra på vel 1,8 millionar tonn.<sup>2</sup> Pelagiske bestandar, botnfisk og skaldyr er alle viktige, sjølv om det varierer frå land til land.

Sidan innføringa av 200 nautiske mil (nm) eksklusive økonomiske soner (ØS) har kyststatane rundt Nordsjøen samarbeidd om forvaltning av delte bestandar. Noreg og EU kom fram til ein samarbeidsavtale for fem slike bestandar – torsk, hyse, sei, kviting og raudspette – alt i 1977, men avtalen vart ikkje underskriven før i 1980 grunna interne konflikter i EU. Formelt er avtalen kjend som *the Agreement on Fisheries between the EEC and the Kingdom of Norway*,<sup>3</sup> heretter referert til som 1980-avtalen. Samarbeidet vart utvida til å omfatte nordsjøsild i 1986 innanfor ramma av 1980-avtalen. Samarbeidet omfattar fastsetjing av årlege totalkvoter (TAC – total allowable catch) og fordeling av desse mellom dei involverte statane. Denne avtalen har fungert i 40 år. Formelt er dette ein avtale mellom Noreg og EU. Brexit inneber difor at avtalen må utvidast til å omfatte UK, eller at ein eventuelt må kome fram til ein ny avtale. Det er òg samarbeid om forvaltning av andre bestandar, som me òg skal diskutere.

UK gjekk ut av EU den 31.1.2020 og dermed den sams fiskeripolitikken (CFP – common fisheries policy).<sup>4</sup> Brexit kan ha viktige konsekvensar for fiskeriforvaltning. UK er ein viktig aktør i Nordsjøen, både fordi landet har store fiskekvotar, men også fordi fiskarane frå Noreg og EU27 har rett til å fiske i britisk sone. Med Brexit har òg mange krefter i UK gått inn for å få større kontroll med fiskeria. Dessutan er UK ein viktig fiskemarknad, med stor import av norsk sjømat, og dessutan med eksport av eigenfanga fisk til EU. Det er og viktig å vise til at det må forhandlast om nye handelsavtalar. Sjølv om dei formelt sett ikkje treng vere kopla saman med fiskeriforhandlingar, vil det indirekte gjerne vere ein samanheng (kapittel 2).

Føremålet med dette kapittelet er todelt. Det fyrste er å prøve å forklare kvifor samarbeid om forvaltning av seks sams fiskebestandar i Nordsjøen har vore vel-

- 
1. Me takkar Peder Andersen, Robin Churchill, Alf Håkon Hoel, Jan Ivar Maråk, Ian Napier, Mogens Schou og dei to redaktørane, Arne Melchior og Frode Nilssen, for nyttige kommentarar under arbeidet med dette manuskriptet. Me er Rune Baug Mjørland ved Fiskeridirektoratet, som har skaffa til vege mykje av datamaterialet, stor takk skuldig.
  2. Norske fangstar og EU-fangstar pluss Færøyane og Russland, gjennomsnitt per år for 2014–2017, ICES område 4a, b og c, ICES fangstdata. .
  3. Official Journal of the European Union 1980 L226/48.
  4. Ein overgangsavtale som inkluderer handel og fisk er gjeldande ut 2020. Eventuelle endringar på fiskeriområdet vert difor (tidlegast) frå januar 2021.

lukka. Det andre er å analysere, eller kanskje heller å spekulere i, forvaltninga av desse ressursane etter Brexit. Sjølv om dette vil verte gjort ut frå eit norsk perspektiv, vil det og vere naudsynt å vurdere perspektiva til UK og EU27. Det avgjerande spørsmålet er om Brexit risikerer å skiple det vellukka samarbeidet, og i so fall korleis. For å få eit svar på dette må ein studere konsekvensane av Brexit for framtidig fiskerisamarbeid mellom UK og EU27. Det er naturleg å analysere desse problemstillingane med utgangspunkt i teorien for strategiske interaksjonar, òg kjend som spelteori (Grønbak mfl., 2020; Bjørndal & Munro, 2012). I denne teorien er det to hovudformer for spel, kooperative (samarbeidande) og ikkje-kooperative (konkurrerende). Dersom forhandlingane om ein ny fiskeriavtale bryt saman og ein endar opp med ikkje-kooperativ utnytting, vil det over tid kunne medføre at forvaltninga av viktige bestandar ikkje er berekraftig. For å unngå dette er det viktig å kome fram til ein avtale som erstattar 1980-avtalen og inkluderer UK, EU27 og Noreg, noko som på fagspråket vert kalla Den store koalisjonen. I denne analysen vil ein nytte fleire konsept frå denne teorien.<sup>5</sup>

Dette kapittelet er organisert som følgjer. I del 9.1 vert det gjeve ei stutt innføring i internasjonal havrett av relevans for fiskeriforvaltning i Nordsjøen. Situasjonen før Brexit vert studert i del 9.2, som omhandlar sentrale tema som kvotedeling i Nordsjøen og fisket til Noreg, UK og EU27. I del 9.3 ser me både på grunnane til at ein har hatt eit velfungerande samarbeid i Nordsjøen i 40 år, og presenterer ein analyse av ulike scenario av kva Brexit kan føre med seg. I del 9.4 vert det gjeve nokre sluttkommentarar og tema om vidare forskning på dette området. Vedlegget inneheld ein del statistisk materiale, her viser ein og til Bjørndal og Munro (2020) for meir data.


## 9.2 BAKGRUNN: INTERNASJONAL HAVRETT

Den internasjonale havretten representerer viktige rammevilkår for utnytting og forvaltning av fiskebestandar. Tradisjonelt skilde internasjonal lov mellom territorialfarvatn og «fjerne» farvatn. Opphøveleg var territorialfarvatnet berre tre nm, i dag utgjer det 12 nm. Fundamentet for den internasjonale havretten er gjeve ved 1982 UN Convention on the Law of Sea (UNCLOS) (UN, 1982). Denne konvensjonen etablerte 200 mils eksklusive økonomiske soner (ØS) der kyststatane har rett til å forvalte og utnytte aktuelle resursar.<sup>6</sup>

5. Sjø og Bjørndal og Munro (2020).

6. Innan ØS har kyststaten «exclusive rights for the purpose of exploring and exploiting, conserving and managing the natural resources, whether living or non-living ----» (UN, 1982, artikkel 56(1.a)).

Sjølv om UNCLOS vart godkjend i 1982 og formelt sett vart internasjonal lov den 16.11.1984, oppretta mange kyststatar inkludert europeiske økonomiske soner i 1977, ettersom det på det tidspunktet var klart at slike soner ville verte del av havretten. Figur 9.1 illustrerer økonomiske soner i Nordaust-Atlanteren før og etter Brexit. Som ein ser, utgjer britisk ØS delar av Nordsjøen, Den engelske kanal, Norskehavet, Irskesjøen og havområda vest for Storbritannia. Sjølv om det er dei enkelte landa som har økonomiske soner, har EU i praksis for mange føremål ei sams økonomisk sone for alle medlemsland. Vidare kan fiskarar i hovudsak fiske innanfor sonene til alle medlemsland, om enn utanfor territorialfarvatna. Etter Brexit vil UK få kontroll over si økonomiske sone, medan EU-sona vil verte tilsvarande redusert. Dette inneber at ein får ein ny kyststat i dette havområdet.



**Figur 9.1** Økonomiske soner i Nordaust Atlanteren: a) Pre-Brexit og b) Post-Brexit.

Kjelde: Goulding & Szalaj (2017).

Ettersom fiskebestandar er mobile, vil det typisk vere slik at ein bestand migrerer mellom to eller fleire økonomiske soner og/eller til det opne hav, utanfor 200 nm (UN, 1982, artikkel 63; artikkel 64). Ifylgje Food and Agriculture Organisation of

the United Nations (FAO) er to kategoriar internasjonalt delte bestandar relevante:<sup>7</sup>

- a. Delte bestandar – bestandar som migrerer mellom dei økonomiske sonene til to eller fleire kyststatar;
- b. Vandrane bestandar – bestandar som migrerer mellom økonomiske soner og det opne havet.

Dei seks delte bestandane i Nordsjøen som er gjenstand for analyse i dette kapitlet, fell alle inn under kategori a). Det skal likevel nemnast at det i Nordsjøen òg er stort fiske på andre bestandar, inkludert vandrane bestandar som makrell og kolmule, noko som vil ha innverknad på forvaltinga av dei sams bestandane.

Forvalting av delte bestandar a) vert omtalt i UNCLOS artikkel 63(1), der relevante kyststatar vert oppmoda om å samarbeide om forvalting av slike bestandar.<sup>8</sup>

Det er likevel viktig å merke seg at det ikkje er krav om at kyststatane skal kome til semje om forvalting. Dersom ein i god tru prøver å kome fram til samarbeid, men ikkje lukkast, skal kvar enkelt stat forvalte sin del av bestanden so godt ein kan ut frå det som elles vert stipulert i UNCLOS (Munro et al., 2004). Dette har relevans for Nordsjøen dersom partane ikkje kjem fram til semje om forvalting av sams bestandar.

### 9.3 SITUASJONEN FØR BREXIT

I denne bolken av kapitlet vil me gje ein omtale av kvotedeling i Nordsjøen fram til 2020 og av fiskeria i området.

#### Kvotedeling i Nordsjøen

Nordsjøen er eit viktig og produktivt fiskeområde. Sjølv om enkelte mindre bestandar berre er å finne i den økonomiske sona til ein kyststat, vert fleire bestandar delt mellom to eller fleire land grunna utbreiing av bestanden og vandringsmønster. Som nemnt forvaltar Noreg og EU seks sams bestandar, torsk, hyse, sei,

7. I tillegg er det to andre kategoriar, sterkt migratoriske bestandar, i hovudsak tunfisk, og diskrete bestandar på det opne hav (Munro mfl., 2004).

8. Ifylgje denne artikkelen skal relevante kyststatar kome saman «–to seek ---- to agree upon the measures necessary to co-ordinate and ensure the conservation and development of such stocks ----» (UN, 1982, artikkel 63(1)).

kviting, raudspette og nordsjøsild, med åtte land som har kvoter. I tillegg er det og fiske på fleire andre bestandar inkludert sams bestandar mellom Noreg og EU som ikkje er sams forvalta, og på vandrande bestandar.

Noreg og alle EU-landa etablerte 200 nm eksklusive økonomiske soner (ØS) per 1.1.1977. I antepasjon av dette starta Noreg og EU forhandlingar om ein fiske-riavtale alt i november 1976. I desse forhandlingane var det ein viktig føresetnad at tradisjonelle fangstmønster og gjensidige høve til å fiske skulle oppretthaldast so langt som råd var, sjølv om dette måtte «balanserst» over tid. Det er viktig å merke seg at balanse gjeld fangstverdi, ikkje fangstkvantum (Churchill & Owen, 2010). Kvar part skulle dessutan gje tilgjenge for fiskefartøy til den andre parten i si sone (Foss, 1991).

I april 1977 nådde ein fram til semje om forvaltning av fem sams bestandar: torsk, hyse, sei, kviting og raudspette (Noreg, 1981), men 1980-avtalen mellom Noreg og EU vart ikkje underskriven før i februar 1980. Grunnen til at det tok tid å få avtalen underskriven, var intern usemje mellom EU-land ettersom enkelte land kom ut betre enn andre (kapittel 2). Det var òg usemje om kor lang tid EU skulle få for å redusere fangstane i norsk sone i Barentshavet. Til slutt gjekk Noreg med på ein overgangsperiode fram til slutten av 1982 (Foss, 1991). Med andre ord – fangstkvotar var eit kontroversielt tema, noko som skulle vise seg også seinare i forhandlingar om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS-avtalen) i 1989–1991 og om EU-medlemskap, som starta i november 1992 (kapittel 2). Noreg har alltid gjeve uttrykk for at det ikkje skal vere nokon direkte samanheng mellom fiskekvotar og marknadstilgjenge, ettersom ein ikkje har ynskt å byte kvotar mot betre handelsvilkår. Det har likevel skjedd i ei viss grad.

Fiskeritavtalen mellom Noreg og EU, og kjend som Nantes-avtalen (Anon., 1979a), var tufta på ein vitenskapleg rapport frå ei ekspertgruppe med medlemmer frå Noreg og EU (Anon., 1979b). Ved fastsetjing av fangstkvotar tok ein omsyn til ei rekkje variablar inkludert fordeling av egg og larvar, ungfisk, gytebestand, gyteområde, utnyttingsgrad og fiskemønster (Anon., 1979b). Rapporten kom likevel ikkje med konkrete forslag om korleis dei ulike faktorane skulle vegast for å kome fram til ein fordelingslykel. Gjennom ein vidare prosess kom ein fram til ei fordeling for dei fem artane torsk, hyse, sei, kviting og raudspette som har vore uendra fram til i dag (Anon., 1979a).

Ifylgje 1980-avtalen skal Noreg og EU kome fram til årlege kvoteavtalar for delte bestandar i Nordsjøen, norsk fiske vest for Dei britiske øyane og ved Grønland, og EU sitt fiske i norsk økonomisk sone i Barentshavet (Foss, 1991).

Ei institusjonell endring med stor innverknad på fiskeriforvaltning i Nordsjøen og andre havområde var den sams fiskeripolitikken (CFP) til EU som var under

utvikling. 1970- og 1980-åra var òg ein periode med utviding av EU. Like før UK, Noreg, Irland og Danmark skulle starte medlemskapsforhandlingar med EU i 1970, vedtok det dåverande EU6-prinsippet om lik tilgjenge til fiskeressursane, noko som vart presentert som eit *fait accompli* og del av *acquis communautaire* til søkjarlanda. Fram til 1977, då økonomiske soner vart etablert, gjorde EU ingen freistnad på å fastsetje TAC eller andre kvotar. Motstand mot prinsippet om lik tilgjenge var ein viktig grunn til at Noreg røysta nei til å verte EU-medlem i 1973.

CFP har fire hovudelement – fiskeriforvaltning, hopehav med tredjeland, strukturetilpassing og marknadsorganisering – der dei to fyrste er relevante for denne analysen. Fiskeriforvaltning, som inkluderer fastsetjing av TAC i EU sine farvatn, er innanfor kompetanseområdet til EU, noko som òg er tilfellet for forhandlingar med tredjeland (Churchill & Owen, 2010). Prinsippet om «relativ stabilitet» vart innført i 1983 – tidlegare hadde det ikkje vore semje om kvoter. Med unntak for relativt små endringar har kvotefordelinga – målt i prosent av TAC – for dei ulike bestandane i ettertid vore uendra. Relativ stabilitet vart fastsett ved å ta omsyn til tre variablar – historisk fangst, preferensiell handsaming av regionar som var sterkt avhengige av fiske, og reduserte fangstar som fylgje av at EU-fartøy vart ekskluderte frå tredjeland ved innføring av 200 nm ØS (Churchill & Owen, 2010). Innan EU ligg dermed kvotedelinga i Nordsjøen (og andre område) fast. Då Portugal og Spania vart medlemmer av EU i 1986, vart det naudsynt med nye forhandlingar mellom Noreg og EU (kapittel 2). Portugal og Spania er begge kyststatar med store fiskeriinteresser. Grunna CFP var fiskekvotene i Nordsjøen alt fordelte då desse landa vart medlemmer av EU. I tillegg hadde særleg Spania, som tradisjonelt var ein viktig fjernfiskenasjon, mista tilgjenge til mange fiskefelt grunna innføring av økonomiske soner. Dette skapte forbitring på spansk side, noko som kom klart fram i forhandlingane med Noreg, ikkje berre i 1986, men òg seinare.

EØS-avtalen er svært omfattande og inkluderer mange sektorar i økonomien (Fossum & Graver, 2018). Parallelt med forhandlingane om EØS var det separate drøftingar om fiskerisamarbeid mellom Noreg og EU som førde til ei vidareutvikling av det bilaterale samarbeidet tufta på 1980-avtalen. Dette resulterte i ein ny avtale, ut frå ei brevtveksling, dagsett 2. mai, 1992. Formelt sett er dette ikkje del av EØS-avtalen (Foss, 1991).

Når det gjeld handel med fisk, fekk Noreg permanente tollfrie kvotar på rundt 30 000 tonn for produkt som tidlegare hadde hatt mellombels tollfritak. Fangstkvotar var ein viktig del av forhandlingane – eit tema som var politisk sensitivt i Noreg og kontroversielt i EU. Spania var klar til å blokkere ein avtale dersom det ikkje vart ei løysing på spørsmålet om fangstkvotar (kapittel 2). Noreg gav ei erklæring om at ein ville vurdere tilgjenge for EU til botnfisk nord for 62°N – dette

inkluderte ein årleg tilleggskvote for uer til EU på 1500 tonn. Vidare fekk EU torskekvote nord for 62°N, som til dels skal kompenseras i Nordsjøen, til dels i andre område (Foss, 1991). Formelt sett vert desse byta gjort som del av 1980-avtalen.

EU har og ein torskekvote i fiskerivernsona ved Svalbard. Etter innføring av ØS reduserte Noreg gradvis torskekvoteane for tredjeland i dette området. Dette skapte konflikter mellom Kystvakta og trålarar frå fleire land inkludert Spania. For å lette på det politiske presset tilbød Noreg ein autonom kvote utan kompensasjon,<sup>9</sup> som skal utgjere gjennomsnittleg fangst i området av tredjeland i tiårsperioden fram til 1977.

Då Noreg og EU kom til semje om sams forvaltning av fem delte bestandar i 1977, var nordsjøsildebstanden på eit svært lågt nivå. Fisket vart stengt i 1977 for å hindre at bestanden vart utrydda, og fisket vart ikkje opna igjen før i 1984. Då dette skjedde, tilbød EU ein kvote til Noreg på berre 2 %, seinare 4 %. Noreg sa nei til dette og iverksette eit «demonstrasjonsfiske» for å vise at ein større del av bestanden var å finne i Norsk Økonomisk Sone (NØS). Som ein konsekvens av dette vart partane i 1986 samde om variabel deling av TAC: for ein gytebestand under 1,5 mill. tonn var Noreg sin del 25 %, for ein gytebestand mellom 1,5 og 2 mill. tonn fekk Noreg 29 %, som auka til 32 % dersom bestanden var større enn 2 mill. tonn. Frå og med 1998 vart partane samde om ei 29–71 deling av totalkvoten mellom Noreg og EU, uansett storleik på gytebestanden. Nordsjøsilde er og del av 1980-avtalen.

Årlege totalkvotar (TAC) vert fastsett gjennom forhandlingar mellom Noreg og EU. Det internasjonale havforskningsrådet (ICES) har etablert statistiske rektangel som gjev eit nett for området mellom 36°N og 85°30'N og 44°V og 68°30'A. Nordsjøen utgjer område 4. Fastsetjing av TAC for bestandar i dette området og i andre område som Norskehavet er i stor grad tufta på kvoteråd frå ICES. Nasjonale kvotar vert deretter fastsett ut frå TAC. I tillegg er det ei rekkje tekniske reguleringar som t.d. maskevidde og minstestørleik og dessutan mange kontroll- og overvakingssystemar.

Tabell 9.1 gjev kvotar for dei seks bestandane som vert forvalta saman. Sjølv om delinga i prinsippet er *ad hoc* frå år til år, ligg kvotedelinga i realiteten fast. Dermed er det slik at når TAC for ein bestand vert fastsett, er dei nasjonale kvotane òg fastsett. Tabell 9.1 viser og kvotene for 2020 for å illustrere kor viktige dei ulike bestandane er. Når det gjeld kvantum, er nordsjøsilde klart viktigast, deretter kjem raudspette, sei, torsk, hyse og kviting. For Noreg er silde og sei viktigast.

9. Goulding og Szalaj (2017) viser til at Noreg hevdar suverenitet i fiskerivernsona ved Svalbard, men at dette ikkje er akseptert av alle. EU og Noreg er samde om at fisket i sona skal forvaltast av Noreg. Som ein kuriositet kan nemnast at denne semja ikkje er bindande for UK etter Brexit. Sjå og Foss (1991).



Tabellen gjev òg annan informasjon. Det eine er *kvotebyte*, som inneber at kvotar vert overført frå ein part til den andre. Kvotebyta i 2020 er rimeleg avgrensa, men som vil verte vist seinare, er dei viktigare for enkelte andre bestandar. Det andre er *tilgjenge*, som inneber at ein kan fiske i sonene til den andre parten. Noreg har høve til å fiske opptil 60 000 tonn sild og heile kvotane av dei andre bestandane i EU sona, medan EU kan fiske store delar av sine kvotar i norsk sone.

**Tabell 9.1** Totalkvotar (TAC), kvotedelar (%) for Noreg og EU, kvoteoverføringar (tonn), norsk og EU kvotar (tonn) for 2020, gjennomsnittleg pris per kg per art og kvoteverdiar for sams forvalta bestandar i Nordsjøen

Art <sup>a)</sup> (ICES- område)	TAC (tonn)	Norsk %-del	EU %-del	Overfø- ring frå Noreg til EU	Overfø- ring frå EU til Noreg	Norsk kvote <sup>b)</sup>	I EU- sona <sup>c)</sup>	EU- kvote <sup>b)</sup>	I NØS <sup>c)</sup>	Gj.snitts 2018 pris £/kg	Kvoteverdi 2020 £ mill.
Torsk	14.718	17	83	–	–	2.502	2.502	12,216	10.618	2,09	30,76
Hyse	35.653	23	77	300	–	7.900	7.900	27,752	20.644	1,45	51,70
Sei	79.813	52	48	–	200	41.703	41.703	38,110	38.110	0,81	64,65
Kviting	17.158	10	90	500	–	1.216	1.216	15,942	10.801	1,25	21,45
Raudspette	146.852	7	93	–	–	10.280	10.280	136,572	56.041	1,90	279,02
Sild	385.008	29	71	–	–	111.652	50.000 <sup>c)</sup>	273,356	50.000 <sup>c)</sup>	0,44	169,40

a) Alle fiskeslag vert fiska i ICES område 4; i tillegg vert sei fiska i område 3a og sild i område 7d.

b) Dette er etter kvoteoverføringar.

c) Dette er kvanta som kan fiskast i den andre part si sone.

d) Dette kan aukast med maksimum 10 000 tonn dersom det er turvande.

Kjelder: Agreed Record of Fisheries Consultations between Norway and the European Union for 2020 for alle kvotedelar og kvanta.

Prisar: Table 3.8a Landings into the UK and abroad by UK vessels by area of capture. 2018. [https://assets.publishing.service.gov.uk/government/uploads/system/uploads/attachment\\_data/file/833883/Chapter\\_3\\_Landings.xls](https://assets.publishing.service.gov.uk/government/uploads/system/uploads/attachment_data/file/833883/Chapter_3_Landings.xls).

Det er av interesse å sjå ikkje berre på kvanta, men òg på verdiar. For dette er det nytta britiske fyrstehandsprisar. Torsk er mest verdifull med pris £ 2,08/kg, deretter raudspette. Sild har den lågaste prisen med £ 0,44/kg. Dersom 2018 prisane er representative også for 2020, kan ein finne verdien av kvotane for dette året. Raudspette er mest verdifullt med ein kvoteverdi på £ 279 millionar, deretter sild.

EU-kvoten vert fordelt mellom dei aktuelle landa ut frå prinsippet om «relativ stabilitet». Dette inneber at dei ulike landa sine prosentvise kvotar ligg fast over tid. Som ein kan sjå (vedlegg, tabell V9.1), er UK dominerande når det gjeld torsk, kviting og hyse. For raudspette har UK nest størst kvote etter Nederland, for sild nest størst etter Danmark, medan Frankrike og Tyskland har større seikvotar enn UK.

Ut frå den fordelinga ein har mellom Noreg og EU (tabell 9.1) og «relativ stabilitet» til EU, kan ein finne dei relative kvotane til Noreg, UK og EU27 for ulike fiskeslag (tabell 9.2). UK dominerer for hyse og kviting og i realiteten også for torsk, medan Noreg er dominerande for sei. EU27 er dominerande for raudspette og sild, sjølv om Noreg har størst nasjonal kvote for den siste arten, deretter Danmark og UK.

Eit hovudspørsmål er om Brexit vil føre til endringar i dei relative kvotane. Det er og eit viktig moment om UK i framtida vil fylgje råd frå ICES ved fastsetjing av kvoter. Dette kjem me tilbake til i avsnitt 9.3.

**Tabell 9.2** Relative kvotar (%) for Noreg, UK og EU27 av TAC

Art <sup>a)</sup>	Noreg %	UK %	EU27
Torsk (IV)	17	38,9	44,0
Hyse (IV)	23	65,0	12,0
Sei (IV, IIIa)	52	8,0	40,0
Kviting (IV)	10	60,2	29,8
Raudspette (IV)	7	27,0	66,0
Sild (IV, VIIId)	29	16,1	54,5

a) ICES-område i parentes, jf. figur 9.1.

Kvotebytte og tilgjenge til andre land sine soner er viktig av fleire grunnar. Kvotar vart fastsett ut frå situasjonen på 1970-talet og er dermed kanskje ikkje tilpassa tilhøva i enkelte land i dag. Kvotebytte tillet soleis større fleksibilitet (Andersen, Andersen, Hoff & Ståhl, 2017). Norske fartøy fiskar i EU-sona ettersom fiskeforekomstane kan vere større der, noko som vil medføre lågare fangstkostnader. Uansett grunn vil implikasjonen vere at tilgjenge i andre soner vil kunne medføre større økonomisk utbytte av kvotane.

## Norske fiskeri i Nordsjøen

Noreg haustar omlag 70 % av totalt fangstkvantum i NØS. Resten vert hausta i internasjonale farvatn og i sonene til andre land, inkludert 14 % i EU-sona, der Nordsjøen er viktigast.

Norske fangstar i Nordsjøen er vist i tabell 9.3. Samla fangst auka frå 608 000 tonn i 2015 til ein topp på 901 000 tonn i 2018, ned til 858 000 tonn i 2019, med ein gjennomsnittleg årleg fangst på 752 000 tonn. I snitt vart 40,4 % hausta i NØS, 41,2 % i britisk sone og 18,4 % i EU27 si sone. I 2018 var fangst i UK-sona mykje

større enn i norsk sone,<sup>10</sup> medan fangst i UK-sona i 2017 og 2019 var noko mindre enn i norsk sone. Dette illustrerer klart kor viktig britisk sone er for norsk fiskeri-næring. Når det gjeld EU27-sona, er fangstane dominert av kolmule.

**Tabell 9.3** Norsk fangst i Nordsjøen<sup>a)</sup>: NØS, UK ØS og EU27 ØS i 2015–2019. Tonn

Område	2015	2016	2017	2018	2019	Gjennomsnitt
NØS	306.060	280.235	307.445	281.154	345.649	304.109
UK ØS	247.720	212.949	297.019	461.264	329.554	309.701
EU27 ØS	54.406	142.315	151.512	158.953	182.951	138.027
Sum	608.186	635.499	755.976	901.371	858.154	751.837

a) Dette korresponderer til ICES område IV a, b og c – Skagerrak er ikkje omfatta. Sjå vedlegg for meir informasjon. Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Tabell 9.4 gjev oversikt over norske fangstar av sams forvalta delte bestandar for 2015–2019 med fordeling på norsk sone, britisk sone og EU27-sona. Årleg fangst varierte mellom 180 000–211 000 tonn, med eit gjennomsnitt på 191 000. Når ein samanliknar med tala i tabell 9.3, ser ein at desse seks bestandane utgjer om lag ein fjerdedel av samla norsk fangst i Nordsjøen. I snitt kjem 58,3 %, 41,5 % og 0,2 % frå høvesvis norsk sone, britisk sone og EU27-sona. Når det gjeld kvantum, er sild viktigast, med i snitt 38,4 % frå britisk sone. Deretter kjem sei, med 48,7 % frå britisk sone. Tabellen syner kor viktig britisk sone er for Noreg, medan EU27-sona er nesten ubetydeleg for norske fiskarar.

Som vist i tabell 9.1 kan Noreg fiske heile kvotane av fem artar i EU sine soner, for nordsjøsilde opptil 60 000 tonn per år. Fangstane i UK-sona er mange år nær denne grensa.

Til samanlikning er omfanget av britisk og EU27 sitt fiske etter desse artane i NØS avgrensa (sjå vedlegg, tabell V9.4). Det er difor klart at britisk sone er langt viktigare for norske fiskarar enn det NØS er for britiske og EU27 fiskarar.

10. Dette skuldast store fangstar av kolmule i irsk og britisk sone og stor fangst av makrell i britisk sone.

**Tabell 9.4** Norsk fangst av sams forvalta delte bestandar i Nordsjøen i 2015–2019. Tonn

Art	År					Gjennomsnitt
	2015	2016	2017	2018	2019	
Torsk – sum	5.139	5.710	5.592	5.553	4.582	5.315
– I NØS	2.257	2.372	2.464	2.952	2.440	2.497
– I UK ØS	2.865	3.220	2.984	2.389	2.085	2.708
– I EU27 ØS	17	118	144	212	57	110
Hyse – sum	1.885	1.489	2.080	1.440	1.416	1.662
– I NØS	860	754	969	864	1.023	894
– I UK ØS	1.024	714	1,083	539	384	749
– I EU27 ØS	1	21	28	37	9	19
Sei – sum	35.203	31.121	48.915	39.441	49.913	40.919
– I NØS	16.266	16.404	16.644	22.877	32.770	20.992
– I UK ØS	18.922	14.710	32.267	16.555	17.141	19.919
– I EU27 ØS	15	7	4	9	2	7
Kviting – total	1.046	1.079	895	977	1.106	1.021
– I NØS	209	179	297	190	560	287
– I UK ØS	837	879	595	784	541	727
– I EU27 ES	0	21	3	3	5	6
Raudspette – total	148	87	65	64	49	83
– I NØS	42	75	50	58	46	54
– I UK ES	68	11	15	6	3	21
– I EU27 ØS	38	1	0	0	0	8
Nordsjosild – total	136.213	150.154	132.943	163.907	127.739	142.191
– I NØS	77.478	90.432	85.415	107.659	72.723	86.741
– I UK ØS	58.718	59.541	47.450	55.878	54.620	55.241
– I EU27 ØS	17	181	78	370	396	208
Sum alle seks	179.634	189.640	190.490	211.382	184.805	191.190
– I NØS	97.112	110.216	105.839	134.600	109.562	111.465
– I UK ØS	82.434	79.075	84.694	76.151	74.774	79.365
– I EU7 ØS	88	349	257	631	469	355

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

## Britiske fiskeri og økonomisk sone

Etter at UK vart medlem av EU, vart den sams fiskeripolitikken CFP over tid det viktigaste instrumentet for å forvalte britiske fiskeri. Kvotar for bestandar som vert forvalta av EU, vert fastsett av EU saman med nasjonale kvotar, inkludert til tredjeland, og dessutan sams reguleringar for alle medlemsland. Mykje av det fylgjande er tufta på Napier (2017), som gjennomførte ein detaljert analyse av fiske i UK og EU27 sine soner for 2011–2015; dette er referanse til all faktisk informasjon i dette delkapittelet, om ikkje anna vert opplyst.

I femårsperioden 2011–2015 var gjennomsnittleg totalfangst av britiske fiskarar av fisk og skaldyr vel 650 000 tonn per år. Av det vart 81 % (82 % av verdi) hausta i britisk økonomisk sone og 14 % i EU27 sone. Dette viser klart kor viktig britisk sone er for britiske fiskarar. Britisk sone er òg viktig for fiskarar frå andre land. Tabell 9.5 gjev fangstar av dei 20 viktigaste fiseslaga for britiske fiskarar og EU-fiskarar – gjennomsnittleg kvantum og verdi per år for 2011–2015.<sup>11</sup> Fangstar av fiskarar utanom EU er ikkje med.

**Tabell 9.5** Kvantum og verdi av dei 20 viktigaste fiseslaga og skaldyr hausta i UK ØS av britiske og EU27 fiskefartøy. Årleg gjennomsnitt for 2011–2015. Vekt i '000 tonn, verdi i £ millionar

Art	Kvantum UK fartøy	Kvantum EU27 fartøy	Totalt kvantum	Verdi UK fartøy	Verdi EU27 fartøy <sup>a)</sup>	Total verdi
Makrell	174,0 (33 %)	126,0 (18 %)	299,0 (24 %)	164,0 (25 %)	118 (22 %)	282,0 (24 %)
Sild	77,1 (15 %)	216 (31 %)	293,0 (24 %)	32,6 (5 %)	91,5 (17 %)	124,0 (11 %)
Tobis	2,0 (0 %)	88,5 (13 %)	90,5 (7 %)	0,6 (0 %)	27,6 (5 %)	28,2 (2 %)
Kolmule	3,3 (1 %)	48,7 (7 %)	52,1 (4 %)	0,9 (0 %)	13,1 (2 %)	14,0 (1 %)
Hestmakrell	7,7 (1 %)	34,4 (5 %)	41,1 (3 %)	3,0 (0 %)	13,4 (3 %)	16,4 (1 %)
Hyse	28,4 (5 %)	6,9 (1 %)	35,3 (3 %)	33,9 (5 %)	8,3 (2 %)	42,2 (4 %)
Sjøkreps	28,8 (5 %)	4,7 (1 %)	33,6 (3 %)	93,0 (14 %)	15,2 (3 %)	108,2 (9 %)
Sei	12,1 (2 %)	21,0 (3 %)	33,1 (3 %)	11,9 (2 %)	20,6 (4 %)	32,5 (3 %)
Kamskjel	26,9 (5 %)	4,8 (1 %)	31,7 (3 %)	48,2 (7 %)	8,7 (2 %)	56,9 (5 %)
Krabbe	26,9 (5 %)	1,7 (0 %)	28,6 (2 %)	34,0 (5 %)	2,2 (0 %)	36,2 (3 %)
Breiflabb	13,0 (2 %)	8,9 (1 %)	21,8 (2 %)	39,2 (6 %)	26,7 (5 %)	65,9 (6 %)

11. Data er ut frå ICES' statistiske rektangel. Der berre ein del av rektangelet er i britisk sone, vert det føreset at fangst i britisk sone er proporsjonal med den delen av rektangelet som ligg i britisk sone. Ifylgje Andersen et al. (2017) kjem i gjennomsnitt omlag 13 % av fangstverdi frå delte rektangel.

Art	Kvantum UK fartøy	Kvantum EU27 fartøy	Totalt kvantum	Verdi UK fartøy	Verdi EU27 fartøy <sup>a)</sup>	Total verdi
Lysing	6,9 (1 %)	14,2 (2 %)	21,1 (2 %)	15,1 (2 %)	31,2 (6 %)	46,3 (4 %)
Kviting	10,3 (2 %)	10,6 (2 %)	21,0 (2 %)	10,7 (2 %)	11,0 (2 %)	21,7 (2 %)
Raudspette	7,3 (1 %)	11,6 (2 %)	18,9 (2 %)	7,8 (1 %)	12,3 (2 %)	20,1 (2 %)
Sneglar	17,7 (3 %)	1,0 (0 %)	18,6 (2 %)	12,6 (-)	0,7 (-)	13,3 (-)
Anna <sup>b)</sup>	12,9 (2 %)	5,6 (1 %)	18,4 (2 %)	-	-	-
Villsvinfisk	1,8 (0 %)	13,9 (2 %)	15,7 (1 %)	0,2 (0 %)	1,3 (0 %)	1,5 (0 %)
Torsk	11,4 (2 %)	4,2 (1 %)	15,6 (1 %)	22,3 (3 %)	8,2 (2 %)	30,5 (3 %)
Augepål	0,0 (0 %)	15,4 (2 %)	15,4 (1 %)	0,0 (0 %)	1,3 (0 %)	1,3 (0 %)
Brisling	5,3 (1 %)	8,5 (1 %)	13,9 (1 %)	1,1 (0 %)	1,7 (0 %)	2,8 (0 %)
Sjötunge	1,8 (0 %)	5,4 (1 %)	7,2 (1 %)	13,7 (2 %)	40,2 (8 %)	53,8 (5 %)
Glasvar	3,5 (1 %)	3,9 (1 %)	7,5 (1 %)	9,1 (1 %)	10,1 (2 %)	19,2 (2 %)
Hummar	2,5 (0 %)	0,0 (0 %)	2,5 (0 %)	24,6 (4 %)	0,3 (0 %)	24,9 (2 %)
Havabbor	0,8 (0 %)	0,9 (0 %)	1,7 (0 %)	5,7 (1 %)	6,6 (1 %)	12,3 (1 %)
Andre artar	44,6 (8 %)	40,1 (6 %)	84,6 (7 %)	61,3 (10 %)	56,1 (11 %)	117,4 (10 %)
TOTAL	527 (100 %)	697 (100 %)	1.223 (100 %)	645 (100 %)	526 (100 %)	1.171 (100 %)

a) Estimert under føresetnad av at EU27-pris er lik den britiske.

b) Dette er artar der namn på artane ikkje er registrert – til skilnad frå «andre artar», der artane er registrert. Av denne grunn er det ikkje meiningsfullt å estimere verdi.

Gjennomsnittleg årleg fangst frå britisk sone er 1 223 000 tonn, av det 697 000 tonn eller 57 % til EU27-fiskarar og 523 000 tonn eller 43 % til britiske fiskarar. Total årleg verdi er £ 1,171 million; her er verdien til UK (55 %) større enn verdien til EU27 (45 %). Dette skuldast samansetjinga av fangstane, særleg større britiske fangstar av skaldyr. Som vist ovanfor (figur 9.1) er britisk sone ikkje berre i Nordsjøen, men omfattar òg store andre område, m.a. i Norskehavet.

Makrell<sup>12</sup> og sild utgjer nesten halvparten av fangstane for både UK og EU27. For EU27 er meir enn 70 % fangst av pelagisk fisk – tobis, kolmule og hestmakrell – alle viktige artar, fiskeri som er ubetydelege for UK.

Når ein ser på enkeltartar, er det stor variasjon med omsyn til kva som er viktig for UK og EU27, både med omsyn til kvantum og verdi. Kolmule og makrell vert forvalta som del av fiskeria i Norskehavet (Bjørndal, 2009), sjølv om det er store fangstar også i Nordsjøen, men dette vil ikkje verte vurdert nærare her. Når det

12. Mykje av makrellen vert hausta i ICES område IVa, i områda ved Shetland og mellom Shetland og Noreg.

gjeld andre bestandar, vil totalkvotar og reguleringar verte fastsett av EU med kvotar til Noreg og andre tredjeland, der det er relevant.<sup>13</sup> Som regel vil norske fartøy ha tilgjenge til EU-farvatn for å fiske desse kvotane.

## Samla fangst i britisk sone

For å finne samla fangst i britisk sone må ein og ta omsyn til fiske frå tredjeland – i praksis Færøyane og Noreg. For Færøyane er det hovudsakleg tale om pelagiske fiskeri. For Noreg er kolmule og makrell viktig, men òg nordsjøsild og botnfisk. Denne informasjonen er presentert i tabell 9.6, som syner at fartøy utanfrå UK står for 68 % av kvantum og 54 % av verdi, slik at britiske fiskarar står for 32 % av kvantum og 54 % av verdien av samla fangstar i britisk sone.

**Tabell 9.6** Estimert kvantum og verdi av all fisk og skaldyr hausta i UK ØS av fartøy frå UK, EU27, Noreg og Færøyane<sup>a)</sup>

	Kvantum '000 tonn	Verdi £ mill.
UK fartøy	526,8 (32 %)	644,9 (46 %)
EU27 fartøy	696,7 (43 %)	526,4 (37 %)
Færøyske fartøy	74,3 (5 %)	51,7 (4 %)
Norske fartøy	336,2 (21 %)	190,3 (13 %)
Sum	1.633,9 (100 %)	1.413,2 (100 %)
Av det samla ikkje-britiske fartøy	1.107,1 (68 %)	768,4 (54 %)

a) For UK og EU27 er tala gjennomsnitt for 2011–2015; for Færøyane og Noreg er tala for 2014. Kjelde: Napier (2017), figur 25.

I femårsperioden 2011–2015 er det estimert at EU27-fartøy årleg i gjennomsnitt hausta knapt 700 000 tonn fisk og skaldyr til ein verdi av nesten £ 530 millionar frå britisk sone (tabell 9.6). I same periode hausta britiske fartøy i snitt per år vel 90 000 tonn verdt rundt £ 110 millionar i EU27-sona. Dette inneber at EU27-fartøy i britisk sone haustar fisk til ein verdi som er meir enn sju gonger det britiske fartøy gjorde i EU-sona med eit kvantum som er fem gonger større.

I ein ny rapport oppdaterer Napier (2020) ein del resultat i Napier (2017). I 2018 var samla fangst av fisk og skaldyr av EU27-fiskarar i britisk sone vel 860 000 tonn, medan britiske fangstar i EU-sona var omlag 100 000 tonn. Med andre ord – EU27-fangstar i britisk sone var meir enn åtte gonger britiske fangstar i EU27-

13. Council Regulation (EU) 2019/124 fastset totalkvotar og andre reguleringar for 2019, sjå <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX:32019R0124>.

sona. Når ein samanliknar verdi, var EU27 sine fangstar i britisk sone verdt meir enn seks gonger verdien av britiske fangstar i EU27.

Desse resultatata viser at britisk sone er viktig og for andre land. Ifylgje Andersen et al. (2017) varierte årleg fangst av danske fartøy i britisk sone mellom 200 000–300 000 tonn til ein verdi mellom DKK 0,7–1,0 mrd. Dette tyder på at Danmark står for 33–43 % av EU27 sine fangstar i britisk sone. Innan EU27 har Danmark dei største fangstane i britisk sone. Andersen et al. (2017) gjev uttrykk for at dersom danske fiskarar vert utestengde frå britisk sone, eller tilgjenget vert redusert, vil det slå negativt ut ettersom ein ikkje vil kunne kompensere tapet ved auka aktivitet i andre område.

Som nemnt tidlegare er kvotebyte òg ein viktig del av fiskerisamarbeidet i Nordsjøen. I åra 2011–2016 fiska norske fiskarar i snitt per år knapt 156 000 tonn av kvotebyte i EU-soner, av det knapt 80 000 tonn i britisk sone (Bjørndal & Munro, 2020). Viktigaste art er kolmule, som vert hausta både i britisk og irsk sone. I britisk sektor er dessutan augepål og lange viktige, medan brisling i nederlandsk sektor er og viktig.

## 9.4 POST-BREXIT FISKERIFORVALTING I NORDSJØEN

Grunna Brexit har dei institusjonelle rammevilkåra for fiskerisamarbeidet i Nordsjøen endra seg ettersom det no vil vere tre heller enn to partar som må prøve å kome fram til ein samarbeidsavtale. Me vil no analysere det framtidige samarbeidet.

### Brexit: konsekvensar for deling av fiskekvoter

Som konsekvens av Brexit har UK vorte ein sjølvstendig kyststat som må tilpasse seg UNCLOS og fleire andre internasjonale avtalar. UK er ikkje lenger medlem av CFP. UK vil verte part i forvaltning av delte bestandar med Noreg og EU, og vil måtte etablere kyststatsavtalar med begge desse partane. UK vil og ha kontroll over tilgjenge til britisk sone. Sjølv om UK gjekk ut av EU per 31.1.2020, vil overgangsavtalen medføre at det for praktiske formål ikkje vil vere endringar i 2020. UK vil verte part i forhandlingar med Noreg og EU om fastsetjing av totalkvotar, kvotedeling og andre forvaltingsinstrument med verknad frå 2021.

Når det gjeld fiskeriforvaltning for UK, kan ein skilje mellom fylgjande fiskeri:

- Norskehavet og Barentshavet – UK–EU27-bestandar
- Noreg–UK–EU27 – delte bestandar



I Norskehavet er fiske etter kolmule, makrell og norsk vårgytande sild viktigast. Som vist i tabell 9.5, er fiske av kolmule og makrell i britisk sone viktig, men utan at me går nærare inn på samarbeid om forvaltning av desse bestandane.

EU har ei torskekvote i Barentshavet på 21 518 tonn i 2020 – i prinsippet skal det vere med byte mot andre fiskeri. UK har 46,9 % av denne kvoten, men det er byte med andre land i EU, og UK har i fleire år ikkje utnytta sin kvote fullt ut. I tillegg har EU ei torskesone i Svalbardsona som utgjer 28 960 tonn i 2020. Dei viktigaste fangststatane her er Spania (39,8 %), Tyskland (19,8 %) og UK (13,2 %). Me går ikkje nærare inn på desse fiskeria i dette kapitlet, sjølv om ein skal vere merksam på at dei kan ha innverknad på framtidig fiskerisamarbeid i Nordsjøen.

Som nemnt har mange bestandar til no vorte forvalta som EU-bestandar. Når ein ser på tabell 9.5, viser det seg å vere stor variasjon mellom bestandane med tanke på kor store delar UK og EU27 har av kvantum og verdi. Me skal ikkje gå vidare inn på dette temaet, men vise til at i framtida vil enkelte artar verte eksklusive UK bestandar, andre eksklusive EU27-bestandar eller sams UK–EU-bestandar.<sup>14</sup>

Forhandlingane mellom UK og EU27 om framtidige relasjonar starta like etter at UK gjekk ut av EU. Dette inkluderer fiskerisamarbeid. Der Noreg ikkje har fiske på aktuelle bestandar, vil ein heller ikkje vere med i forhandlingane.

Når det gjeld det som har vore delte bestandar mellom Noreg og EU, vil det i framtida vere tale om tre partar. Tabell 9.2 syner noverande kvotedeling mellom Noreg, UK og EU27 for dei seks bestandane som er under sams forvaltning. Spørsmålet er om det vil verte endringar i denne kvotedelinga og andre viktige delar av samarbeidet som tilgjenge for fiskarar frå Noreg og EU27 til britisk sone.

I tillegg til dei seks bestandane under sams forvaltning har ein òg andre sams bestandar, men som ikkje vert sams forvalta. Dette gjeld tobis, lysing, piggvar, hestmakrell og augepål.<sup>15</sup> Sjølv om dei formelt sett ikkje er gjenstand for sams forvaltning, er det likevel samarbeid mellom Noreg og EU om forvaltning av desse bestandane, igjen tufta på rådgjeving frå ICES. Av tabell 9.5 vil det gå fram at UK har lite eller inkje fiske på augepål, tobis og hestmakrell. Britisk sone er likevel viktig både for norske fiskarar og EU27-fiskarar når det gjeld desse bestandane. Det er òg stort kvotebyte for desse bestandane. UK, Noreg og EU27 vil måtte samarbeide om forvaltning av desse bestandane.

14. Ein del spesielle tilhøve vedkjem Irskesjøen. Sjå O'Higgins og O'Hagan (2019).

15. [https://ec.europa.eu/fisheries/cfp/international/agreements/norway\\_en](https://ec.europa.eu/fisheries/cfp/international/agreements/norway_en).

## Samarbeidet om sams forvaltning i Nordsjøen

Som nemnt har det vore samarbeid om fiskeriforvaltning i Nordsjøen i meir enn 40 år. Det gjev grunnlag for tre spørsmål. Kvifor har samarbeidet vore so vellukka? Korleis har partane hatt nytte av samarbeidet? Og kva vil skje vidare? Me vil no analysere desse spørsmåla.

I det heile har samarbeidet om sams forvaltning i Nordsjøen vore vellukka. Ein må likevel ikkje underslå at det til tider har vore problem. Torskebestanden har i ei årrekke vore på eit lågt nivå, medan andre bestandar synest å vere berekraftig forvalta. Me vil no kome inn på grunnar til at samarbeidet i Nordsjøen har vore stabilt.

Den fyrste grunnen er at berre to partar er involverte. Dess færre partar, dess større sjanse for suksess. Vidare har det vore rasjonelt for partane å samarbeide, i den forstand at utbyttet ved samarbeid har vore større enn det utbyttet ein ville ha ved konkurrerande utnytting av bestandane.<sup>16</sup> Vidare har partane vore samde om fordelinga av kvotar, sjølv om det har vore misnøye frå skotsk side, noko me skal kome attende til.

Partane har og utvida forhandlingsrommet på ein måte som har auka det samla økonomiske utbyttet gjennom det som vert kalla «side-betaling» eller tilsvarande åtgjerder. Dette ser ein klart ved at partane tillet fiskarar frå den andre part å fiske i si sone. Vidare er det samarbeid om andre bestandar, og det er kvotebyte både i Nordsjøen og Barentshavet. Desse tilhøva er viktige for forvaltingsavtalen. At avtalen omfattar fleire bestandar, gjev større høve for samarbeid, særleg når ein i tillegg tek i bruk side-betaling. Historisk sett vart òg prinsippa for kvotedeling akseptert av alle forhandlingspartane.

Partane har nytt godt av stabilitet. Medan totalkvotene kan variere frå år til år, har dei relative nasjonale kvotane vore uendra. Difor har det ikkje vore naudsynt å forhandle om deling frå år til år. Sjølv om totalkvotar varierer over tid, vil variasjonen for berekraftig forvalta bestandar ikkje vere so stor, noko som gjev ei grad av visse for framtida. Dette er nyttig både for flåten og fiskeindustrien.

## Framtida

Når det gjeld kvotedeling, er prinsippa som vert lagt til grunn, viktige. Desse omfattar sonetilhøyrighet og historiske fangstar. Dersom ein skulle leggje til grunn historiske fangstar, ville det innebere berre mindre endringar. Skulle ein derimot leggje til grunn sonetilhøyrighet, vil det kunne verte endringar for ei rekke bestandar.

---

16. Sjå Bjørndal og Munro (2020) for ei meir formell spelteoretisk analyse av desse spørsmåla.

I avsnitt 9.2 er det vist at britisk sone er svært viktig både for norske fiskarar og EU27-fiskarar. Britiske fiskarar på si side haustar mesteparten av sine fangstar i eiga sone. Dermed er britisk sone viktig for norske fiskarar, medan det motsette ikkje er tilfellet i same grad. Dette kan ha strategiske implikasjonar for kvotedeling.

Minst tre scenario er aktuelle:

I. Status quo. Framhald med noverande forvaltingsavtale med sams fastsetjing av totalkvotar, kvotedeling m.m.

II. Samarbeidsavtale mellom UK, EU27 og Noreg. Det er grunn til å rekne med at dette vil medføre noko større kvotar til UK for enkelte fiskeslag, og kanskje redusert tilgjenge for ikkje-britiske fartøy til britisk sone. Ettersom norske fiskarar og EU27-fiskarar berre i avgrensa grad kan kompensere dette med auka fangstar i andre område av Nordsjøen, vil det medføre tap for dei – og auka fangstar og inntekter for britiske fiskarar.

III. Ingen avtale. I dette tilfellet vil kvar part fastsetje egne kvoter. Som nemnt i avsnitt 9.1, dersom kyststatar ikkje kjem fram til semje om forvaltning av delte bestandar, skal kvar stat forvalte sin del av bestanden i samsvar med reglane i UNCLOS (Munro et al., 2004). Dette vil truleg innebere at UK set større kvotar for relevante bestandar, og ein vil kunne kome i ein situasjon der summen av nasjonale kvotar vil kunne overstige ICES sitt kvoteråd.

Scenario I er lite realistisk, men er eit viktig referansepunkt for andre alternativ. Ein samarbeidsavtale (II) er det som ein i spelteori kallar Den store koalisjonen. Det er òg mogeleg med subkoalisjonar som inneber ein eksplisitt eller implisitt avtale mellom to av partane – Noreg–EU27, Noreg–UK og UK–EU27. Av desse knyter det seg størst uvisse til UK–EU27.

## UK–EU27

Fiskeriforhandlingane mellom UK og EU27 vil verte krevjande. Dersom partane ikkje kjem til semje, kan det ha svært uheldige konsekvensar for fiskeriforvaltninga i Nordsjøen.

Lat oss fyrst peike på at når det gjeld forhandlingane mellom UK og EU27, kan ein ikkje sjå på UK som ein «part». Phillipson og Symes (2018) gjev uttrykk for at ein må sjå på UK som ein «koalisjon» som omfattar fangst, foredling og det offentlege. Interessene til fangst- og foredlingssektoren er ikkje dei same. Regjeringa vil naturlegvis måtte ta omsyn til begge sektorane og interessene til andre, i særleg grad Skottland, noko me skal kome attende til.

I kooperative spel er det viktig å kome til ei løysing som alle partar synest er «rettferdig» over tid. For at dette skal vere tilfellet, er det viktig at samarbeidsavtalen er

fleksibel. Phillipson og Symes (2019) viser til at resultatet av UK sine medlemskapsforhandlingar med EU på 1970-talet skapte stor misnøye hos fiskarane, som meinte dei fekk for liten del av kvotane. Denne misnøya vart styrka ved implementering av prinsippet om «relativ stabilitet» i 1983. På den andre side er det viktig å hugse på at den britiske regjeringa var med på forhandlingane om og godkjende den kvotefordelinga ein kom fram til. Goulding og Szalaj (2017) viser til at britiske fiskarar meiner det er stor skilnad mellom kvotar ut frå relativ stabilitet og sonetilhøyrighet, at britiske kvotar vart forhandla vekk, og at ein utanfor EU vil få større kvotar enn innanfor.

Under folkerøystinga om Brexit i 2016 var fleire grupper innan fangstsektoren aktive i kampanjen for «Nei til EU». Enkelte gjekk inn for å ekskludere ikkje-britiske fiskarar frå britisk sone, gjenoppbygging av britiske fiskeri og at UK skulle forvalte sine delar av fiskeressursane på eiga hand (Phillipson & Symes, 2018, *ibid.*). Dette svarar til scenario III ingen avtale.

Medan EU27 i stor grad krev at noverande fiskeritavtale skal halde fram etter Brexit (scenario I), med tilgjenge for deira fiskarar i britisk sone, har UK gjort det klart at ein vil ha «kontroll» over britisk sone. Konsekvensen kan vere at ein av partane bryt forhandlingane. Når det er sagt, kan krava verte moderert etter som forhandlingane skrid fram.

Prinsippet om sonetilhøyrighet har vorte nytta for å rettferdiggjere større kvotar for UK. Shepherd og Horwood (2019) viser til at dette ignorerer mange kompliserande faktorar. Fisk migrerer kontinuerleg og vil stundom endre distribusjonsmønster grunna klimaendring og andre miljøvariablar.<sup>17</sup> Dermed finst det ikkje nokon enkel måte for å vege og kombinere den informasjonen som måtte vere tilgjengeleg. Goulding og Szalaj (2017) peikar på at ein ikkje kjenner definitiv tilhøyrighet av bestandar til økonomiske soner. Shepherd og Horwood (2019) peikar vidare på at «objektivt» fastsett kvotetilhøyrighet uunngåeleg vil vere forskjellige frå historiske fangstrater, noko som vil skape konflikhtar. I tillegg må det nemnast at ved eit velfungerande samarbeid vil mange av desse bestandane både på økonomisk og biologisk grunnlag verte hausta i britisk sone. Når det gjeld «rettferdig» fordeling, er det allokering av det økonomiske utbyttet frå hausting av ressursane som tel, ikkje kvar fisken vert hausta.

Det som i hovudsak vil motvirke eit slikt utfall, er fyrst og fremst handel med varer og tenester. UK eksporterer omlag 80 % av eigen fangst (volum) med 66 % til

17. Lysing, ein sams bestand som ikkje er gjenstand for sams forvaltning, er eit døme: Auka bestand har ført til utvida utbreiingsområde, slik at ein vesentleg del av bestanden no er å finne i NØS (kjelde: Agreed Record of Fisheries Consultations between Norway and the European Union for 2020 with regard to quota shares and all quantities). Tidlegare vart det òg vist til nordsjøisild, der ein stor del av bestanden er å finne i norsk sone når bestanden er stor.

EU27 (Goulding & Szalaj, 2017). Dersom ein ikkje kjem fram til ein avtale, vil ein kunne vente handelsrestriksjonar frå EU27 si side. Likevel, sjølv om varehandel er viktig, er servicesektoren uendeleg meir viktig for den britiske økonomien. Dette omfattar finansielle tenester der det er avgjerande for UK å få best mogeleg tilgjenge til EU27-marknaden.

Shepherd og Horwood (2019) peikar på at kvar freistnad på å justere kvotedelar vil garantert føre til konflikt. Dette har òg hendt frå tid til anna, m.a. då Spania vart EU-medlem. Ut frå deira vurdering vert kvotedelar avgjort i forhandlingar mellom relevante partar, ein prosess som vert påverka av vitskapleg informasjon, men på ingen måte avgjort av det. Dei seier vidare at det er utenkjeleg at marknadstilgjenge ikkje vert del av forhandlingane.

Ingen avtale vil i prinsippet innebere at alle tre partane som uavhengige kyststatar vil setje egne kvotar tufta på tilrådingar frå ICES, sjølv om det kan vere ein subkoalisjon som samarbeider mot den tredje parten. Ettersom sum kvotar vil kunne utgjere meir enn 100 % av tilrådinga til ICES, kan dette over tid ha konsekvensar for berekraftig utnytting av bestandane. Dette scenarioet er modellert av Heath og Cook (2020). Deira konklusjon er at ingen avtale kan vere øydeleggjande for bestandane i Nordsjøen, kanskje særleg for torsk, der bestanden er på eit lågt nivå, og for nordsjøisild, som er ein pelagisk bestand.

Me meiner likevel at på lang sikt er eit slikt utfall ikkje rimeleg. Noreg, UK og EU27 er alle ansvarlege kyststatar som handlar innanfor rammene av UNCLOS. Sjølv om vanstell kan setje bestandar i fare for ei viss tid, vil ein rekne med at partane før eller seinare vil kome fram til semje.

Det er sjølvsagt ei viss fare for at forhandlingane vil bryte saman, men ein må òg sjå ein fiskeriavtale i ein større samanheng. Difor vil truleg ein situasjon med ingen avtale vere av temporær karakter. Spørsmålet vert dermed kva slag avtale som vil verte resultatet. Etter vår vurdering vil det verte visse endringar i noverande fiskeriavtale, som inneber at UK vil få noko større kvotar for enkelte bestandar, dvs. ein variant av scenario II. Det er òg grunn for å tru at UK vil få større kontroll over britisk sone, noko dei har rett til etter UNCLOS. Det er likevel grunn til å tru at slike endringar vil skje gradvis.

## Noreg–UK

Det er vanskeleg å vurdere framtidige relasjonar mellom Noreg og UK når det gjeld fiskeri. UK er den største eksportmarknaden til Noreg, ein marknad det ikkje er lett å erstatte. Innan fiskerisektoren er britisk sone viktig for norske fiskarar, medan det motsette ikkje er tilfellet. Ein konsekvens av dette kan vere at UK krev

større kvotar for enkelte fiskeslag på kostnad av Noreg og kjem med endringar i norske fiskarar sin tilgang til britisk sone. Det er vanskeleg å sjå kva Noreg kan tilby for å oppretthalde dagens status quo.

Når det gjeld handel med fisk, er norsk fiskeeksport i stor grad ikkje i direkte konkurranse med britisk fanga fisk. Artar som torsk og hyse er svært populære i den britiske marknaden, og import kjem i tillegg til eigenfangst av desse artane. Den britiske foredlingsindustrien er i stor grad avhengig av tilgjenge til frosen blokk og filet frå Noreg, Island og Canada (Phillipson & Symes, 2018, s. 170). Ein kan difor vente sterke reaksjonar frå foredlingsindustrien dersom det skulle kome på tale med større handelsbarrierar mot norsk fiskeeksport til UK.

Kvar vil so dette plassere Noreg når det gjeld forvaltning av fiskebestandar i Nordsjøen? Dette vil i svært stor grad kome an på utfallet av forhandlingane mellom UK og EU27, sjølv om ein i prinsippet òg kan tenkje seg ein separat avtale mellom Noreg og UK27.

I scenario III vil UK forvalte sine delar av delte bestandar og ekskludere ikkje-britiske fartøy frå si sone. Frå norsk side ville det vere svært uheldig. Det vil vere eit tap på kort sikt, med eit større og meir alvorleg tap på lang sikt so sant ein ikkje kjem fram til semje om kvotedeling og gjensidig tilgjenge til respektive soner.

Dersom ein ikkje kjem fram til Den store koalisjonen, og samarbeidet disintegrerer, vil det vere både svært uheldig og alvorleg. Medan fiskerisamarbeidet har fungert i fleire tiår, vil manglande samarbeid over tid kunne true berekraftig utnytting av fleire bestandar. Skulle ein slik situasjon oppstå, vil ein – som argumentert for ovanfor – vone og tru at samarbeid vil verte gjenoppretta etter ei viss tid.

Ved scenario I – status quo – ville ein i utgangspunktet rekne med at alt er tilfredsstillande for Noreg. Dette scenarioet inneheld likevel ein langsiktig risiko. Ein viktig part, den britiske fangstflåten, vil vere svært misnøgd og føle at fordelinga av vinstane ved samarbeid er urettferdig fordelt. At flåten i stor grad er konsentrert i Skottland, er òg eit moment i denne samanheng. Misnøye i flåtesektoren kan innebære ein kime til framtidig manglande stabilitet.

Ved scenario II vil britiske kvotar auke. I kva grad det vil skje på kostnad av norske, er uråd å seie. Det er i denne samanheng og verdt å minne om at norsk fiske-rinæring meiner at Noreg burde ha større kvotar av ein del bestandar i Nordsjøen.<sup>18</sup> Dette vert grunngeve med endringar i distribusjonsmønsteret for enkelte bestandar, slik at tilhøyrrighet til norsk sone har auka over tid på kostnad av britisk sone. Ein kan difor vente at britiske krav om større kvotar i alle fall i ein viss grad vil verte møtt med norske motkrav.

---

18. Sjå t.d. *Fiskeribladet*, 20. mai 2017.

På kort sikt er det klart at Noreg vil vere best tent med scenario I status quo. Likevel kan ein variant av scenario II alt i alt virke som eit meir naturleg utfall. Dette ut frå den forhandlingssituasjonen ein har med kvotar og sonetilgjenge, som synest å vere i favør av UK. Vidare er UK ein viktig marknad for norske fiskeprodukt, medan det motsette ikkje er tilfellet. Det er vanskeleg å sjå kva Noreg kan tilby UK, t.d. i form av reduserte handelshindringar, som ville vere tilstrekkeleg for at UK ikkje vil krevje endringar når det gjeld kvotar og sonetilgjenge. Som nemnt ovanfor har det og alltid vore norsk politikk at ein ikkje skal kombinere kvoteforhandlingar med handelspolitikk, sjølv om ein ikkje alltid har halde seg til dette.

Det er og ein annan fordel ved scenario II, i og med det inneber at den britiske flåten i større grad vil vere tilfreds med avtalen, noko som gjer det mindre truleg at det vil kome framtidige krav om reforhandlingar av avtalen. Dette vil gjere avtalen meir stabil over tid, noko som vil kunne kome norsk fiskerinæring til gode i framtida.

Som konklusjon kan ein seie at det synest sannsynleg at Noreg må akseptere lågare kvotar for enkelte bestandar og dessutan endringar i rett til tilgjenge til britisk sone. Det er likevel grunn til å tru at eventuelle endringar vil skje over ein viss tidsperiode.

## 9.5 SLUTTMERKNADER

Noreg og EU har med grunnlag i ein avtale underskriven i 1980 hatt sams forvaltning av seks fiskebestandar i Nordsjøen og i tillegg samarbeidd på ei rekkje andre område. Dei to partane har saman fastsett totalkvotar, tufta på råd frå ICES, der fordelinga av relative kvotar mellom partane har vore uendra. Det er fleire grunnar til at dette samarbeidet har vore vellukka, m.a. at berre to partar har vore involvert og begge har tent på dette samarbeidet. Det at avtalen omfattar fleire bestandar, gjer den og meir fleksibel, noko som gjer det lettare å kome fram til semje. Tilgjenge til andre land sine økonomiske soner og kvotebyte har og vore viktig.

Situasjonen endrar seg med Brexit. Framtidig samarbeid mellom Noreg, UK og EU27 må skje i form av ein ny avtale, eventuelt gjennom ei tilpassing av 1980-avtalen, slik at UK kan verte del av den. Den økonomiske sona til UK er svært viktig for fiskarar frå Noreg og EU27, som ville verte skadelidande dersom dei skulle verte utestengde frå denne sona.

I dette kapitlet vert tre framtidsscenario vurdert: I status quo, II samarbeid i form av Den store koalisjonen og III ingen avtale. Forhandlingar mellom UK og EU27 om deira framtidige hopehav har alt starta. Dette inkluderer fiskeri, der det kan vere vanskeleg å kome fram til semje. Ein kan ikkje sjå bort frå at det ikkje vert

avtale om fiskerisamarbeid, i alle fall i fyrste omgang, noko som kan ha negative konsekvensar for berekraftig utnytting av bestandane i Nordsjøen. Dette vil vere uheldig, for alle partane involvert. Det synest difor rimeleg at det endelege utfallet vil vere ein variant av scenario II, som gjev noko større kvotar til UK samstundes som dei får større kontroll over eiga sone. Servicesektoren er særskild viktig for den britiske økonomien, og det er ikkje minst for å sikre tilgjenge for denne sektoren til EU-marknaden at ein vil vente fleksibilitet på fiskerisektoren.

UK er den viktigaste eksportmarknaden for Noreg og er òg ein viktig marknad for fisk. Ved forhandlingar mellom UK og Noreg er det vanskeleg å sjå kva Noreg kan tilby for å få større fleksibilitet når det gjeld fisk, sjølv om Noreg og kan ha grunnlag for å krevje større kvotar for enkelte fiskeslag. Ei samla vurdering tyder på at Noreg kanskje må vere budd på å akseptere lågare kvotar for enkelte bestandar.

I dette kapitlet har me konsentrert oss om Nordsjøen, sjølv om det er sagt at situasjonen der og kjem an på kva som skjer i andre havområde. Særleg gjeld det Norskehavet, der det i hovudsak er tale om hausting av vandrane bestandar. Her vil institusjonelle tilhøve òg endre seg. I vidare forskning vil det vere interessant å analysere konsekvensane av Brexit for fiskeriforvaltninga i Norskehavet.

Når det gjeld norsk fiske i britisk sone, vert over 90 % hausta i skotsk sone og under 10 % i engelsk sone (Bjørndal & Munro, 2020). Skotsk sone er òg viktigast for britiske fiskarar. I fiskerisamanheng er soleis Skottland det viktigaste landet i UK.

I ei folkerøysting om skotsk sjølvstyre i 2014 røysta 55 % mot sjølvstende og 45 % for. Til trass for dette står skotsk sjølvstyre til ei viss grad framleis på dagsorden. Ved parlamentsvalet i 2019 tok Scottish Nationalist Party (SNP), som går inn for sjølvstyre, 48 av 59 skotske sete i Parlamentet i Westminster. Ved folkerøystinga om Brexit i 2016 røysta 62 % i Skottland for å verte verande i EU, medan 38 % røysta nei. Mellom anna av den grunn har SNP teke opp igjen diskusjonen om sjølvstende og gjev uttrykk for at Skottland bør gå inn i EU.

Det ligg mange hindringar i vegen for skotsk sjølvstyre og eventuelt EU-medlemskap. Me skal ikkje spekulere meir om det, men dette kapitlet viser klart at eit sjølvstyrt Skottland ville vere ein viktig fiskeristat. Skotsk EU-medlemskap ville difor kunne gje opphav til nye og vanskelege fiskeriforhandlingar, særleg dersom skotsk fangstsektor ikkje er nøgd med fiskeriavtalen som ein no forhandlar om. Som nemnt var skotsk fangstsektor kanskje den sektoren som klarast sa nei til EU i 2016.



## REFERANSER

- Andersen, P., Andersen, J. L., Hoff, A. & Ståhl, L. (2017). The economic consequences for the Danish fishery following the United Kingdom's decision to leave the European Union. København: Department of Food and Resource Economics, University of Copenhagen. IFRO Report, No. 263.
- Anon. (1979a). Agreed record of joint EEC Norway working group on stocks in the North Sea. Nantes: 3–4 July, 1979.
- Anon. (1979b). Report of the Norwegian – EEC Joint Scientific Sub-group on Distribution of Shared Fish Stocks in the North Sea. Bergen: 12–15 June, 1979.
- Anon. (2019). Agreement on Trade in Goods between Iceland, the Kingdom of Norway and the United Kingdom of Great Britain and Northern Ireland.
- Barange, M., Bahri, T., Beveridge, M.C.M., Cochrane, K.L., Funge-Smith, S. & Poulain, F. (red.) (2018). Impacts of climate change on fisheries and aquaculture: synthesis of current knowledge, adaptation and mitigation options. Roma: FAO Fisheries and Aquaculture Technical Paper No. 627.
- Bjørndal, T. (2009). Overview, Roles, and Performance of the North East Atlantic Fisheries Commission (NEAFC). *Marine Policy*, 33, 685–697.
- Bjørndal, T. & Ekerhovd, N.A. (2014). Management of Pelagic Fisheries in the North East Atlantic: Norwegian Spring Spawning Herring, Mackerel, and Blue Whiting. *Marine Resource Economics* 29(1), 69–83. <https://doi.org/10.1086/676286>
- Bjørndal, T. & Munro, G. R. (2012). *The Economics and Management of World Fisheries*. Oxford: Oxford University Press.
- Bjørndal, T. & Munro, G. R. (2020). «Brexit and the Consequences for Fisheries Management in the North Sea.» Bergen: SNF arbeidsnotat A03/20.
- Bjørndal, T. & Lindroos, M. (2004). International Management of North Sea Herring. *Environmental and Resource Economics*, 29, 83–96.
- Churchill, R. & Owen, D. (2010). *The EC Common Fisheries Policy*. Oxford: Oxford EC Law Library, Oxford University Press.
- Ellefsen, H., Grønbæk, L. & Ravn-Jonsen, L. (2017). On International Fisheries Agreements, Entry Deterrence, and Ecological Uncertainty. *Journal of Environmental Management* 193, 118–125.
- Foss, T. (1991). Analyse av Norges avtaler og samarbeid med EU på fiskeriområdet. Oslo: Rapport nr. 4. Europautgreiinga.
- Fossum, J. E. & Graver, H.P. (2018). *Squaring the Circle on Brexit. Could the Norway Model Work?* Bristol: Bristol University Press.
- Goulding, I. & Szalaj, D. (2017). Impact of Brexit on UK Fisheries. Lisboa, Megapesca technical report. <https://www.researchgate.net/publication/318317823>.
- Government of Norway, Ministry of Foreign Affairs (1981). St. prp. nr. 90. Om samtykke til å inngå ein avtale av 27. februar 1980 mellom Kongeriket Noreg og den Europeiske Økonomiske Fellesskapen om fiskeri. (Regarding permission to enter into an agreement on fisheries dated 27<sup>th</sup> February 1980 between the Kingdom of Norway and the European Economic Community).

- Grøn­bæk, L. & Lindroos, M. (2006). An Enforcement-Coalition Model: Fishermen and Authorities Forming Coalitions. *Environmental & Resource Economics*, 35, 169–194. <https://doi.org/10.1007/s10640-006-9012-4>.
- Grøn­bæk, L., Lindroos, M., Munro, G. & Pintassilgo, P. (2020) *Game Theory and Fisheries Management*. Cham: Springer. [https://doi.org/10.1007/978-3-030-40112-2\\_1](https://doi.org/10.1007/978-3-030-40112-2_1).
- Heath, M. & Cook, R. (2020). *Risks to North Sea fish stocks and wildlife if post-Brexit fishery negotiations fail to reach agreement on quotas and access to UK waters: Extended technical report*. Strathclyde: Marine Modelling Research Report, The University of Strathclyde. <https://doi.org/10.17868/71708>
- Jensen, F., Frost, H., Thøgersen, T., Andersen, P. & Andersen, J.L. (2015). Game theory and fish wars: The case of the Northeast Atlantic mackerel fishery. *Fisheries Research*.
- Kaitala, V. & Munro, G.R. (1997). The Conservation and Management of High Seas Fishery Resources under the New Law of the Sea. *Natural Resource Modelling*, 10, 87–108.
- Munro, G.R., van Houtte, A. & Willmann, R. (2004). «*The Conservation and Management of Shared Fish Stocks: Legal and Economic Aspects*». Roma: FAO Fisheries Technical Paper No. 465.
- Napier, I. R. (2017). Fish Landings from the UK Exclusive Economic Zone and UK Landings from the EU EEZ. Scalloway: Report, 31<sup>st</sup> January, 2017, NAFC Marine Centre University of Highlands and Islands.
- Napier, I. R. (2020). Fish Landings from the UK EEZ 2015 – 2018. Scalloway: Report, 1<sup>st</sup> July, 2020, NAFC Marine Centre, University of Highlands and Islands.
- O'Higgins, T. & O'Hagan, A.M. (2019). A return to the tragedy of the commons? Brexit trade-offs and spatial analysis, an Irish perspective. *Marine Policy*. doi.org/10.1016/j.marpol.2019.103524
- Phillipson, J. & Symes, D. (2018). A sea of troubles': Brexit and the fisheries question. *Marine Policy*, 90, 168–173. <https://doi.org/10.1016/j.marpol.2017.12.016>.
- Shepherd, J. & Horwood, J. (2019). Brexit and UK fisheries. Choppy seas ahead? *Ocean Challenge*, 23(2), 24–26.
- United Nations (1982). *United Nations Convention on the Law of the Sea*. New York: UN Doc. A/Conf.62/122.

## Vedlegg

**Tabell V9.1** Relativ stabilitet i EU – Nordsjøen og tilhørende område<sup>a)</sup>

Species	Belgium	Denmark	Germany	France	Netherlands	Sweden	UK
Cod	3,6 %	20,5 %	13,0 %	4,4 %	11,6 %	0,1 %	46,9 %
Haddock	0,7 %	5,1 %	3,2 %	5,7 %	0,6 %	0,5 %	84,2 %
Saithe	0,1 %	8,6 %	21,8 %	51,3 %	0,2 %	1,2 %	16,7 %
Whiting	2,1 %	9,3 %	2,4 %	13,9 %	5,4 %	0,0 %	66,9 %
Plaice	6,2 %	20,0 %	5,8 %	1,2 %	38,5 %	0,0 %	28,5 %
Herring	0,0 %	29,5 %	17,8 %	7,9 %	20,4 %	1,7 %	22,6 %

a) Dette omfatter ICES område 3a og 7d.

Kjelde: <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/DA/TXT/PDF/?uri=CELEX:32020R0123&qid=1396448139289&from=DA>.

**Tabell V9.2** Samla norsk fangst i UK ØS 2015–2019. Tonn

	2015	2016	2017	2018	2019
Kolmule	115,161	90,838	140,267	201,253	98,131
Makrell	19,437	12,328	46,921	157,585	128,201
Sild	58,718	59,541	47,450	55,878	54,620
Sei	18,922	14,710	32,267	16,555	17,141
Tobis	15,937	14,866	7,318	12,404	15,044
Lange	6,358	6,729	8,067	6,807	6,307
Torsk	2,865	3,220	2,984	2,389	2,085
Lysing	2,229	2,772	2,251	1,060	1,304
Brosme	2,200	1,792	1,712	1,681	1,804
Blåkveit	2,060	1,991	1,648	1,368	1,132
Andre	3,832	4,162	6,135	4,284	3,786
Sum	247,720	212,949	297,019	461,264	329,554

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

**Tabell V9.3** Norsk fiske i EU27 ØS

	2015	2016	2017	2018	2019
Kolmule	43,045	122,850	144,721	149,591	173,295
Makrell	0	17	7	6	8
Sild	17	181	78	370	396
Sei	15	7	4	9	2
Augepål		1			
Lange	14	84	102	63	1
Torsk	17	118	144	212	57
Lysing	1				
Brosme		1	1	2	
Anna	8,297	19,056	6,455	8,700	9,192
Total	51,406	142,315	151,512	158,953	182,951

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

**Tabell V9.4** Britiske og EU27 fangstar av sams forvalta delte bestandar i NØS sør for 62°N (ekskl. Skagerrak). Tonn

	2015	2016	2017	2018	2019
Torsk UK	2,862	2,617	2,695	1,736	1,248
Torsk EU27	5,798	5,122	5,484	7,071	3,695
Torsk sum	8,661	7,739	8,179	8,808	4,943
Hyse UK	5,895	5,762	5,021	3,345	2,657
Hyse EU27	1,853	1,409	1,526	1,324	1,181
Hyse sum	7,748	7,171	6,547	4,669	3,838
Sei UK	1,764	1,406	1,232	1,568	1,434
Sei EU27	12,050	7,826	10,936	11,889	10,831
Sei sum	13,815	9,232	12,168	13,458	12,265
Kviting UK	761	704	686	404	513
Kviting EU27	92	109	110	112	111
Kviting sum	854	814	796	516	624
Raudspette UK	819	946	981	236	482
Raudspette EU27	7,983	9,117	9,972	7,962	6,448
Raudspette sum	8,803	10,063	10,953	8,198	6,930
Sild UK	460	2,456	1,058	0	0
Sild EU27	18,272	20,208	5,186	1,885	873
Sild sum	18,732	22,664	6,244	1,885	873

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

# Om forfatterne

**Arne Melchior** (f. 1953) er samfunnsøkonom (dr.polit., UiO) og seniorforsker ved Norsk utenrikspolitisk institutt/ bistilling UiT Norges arktiske universitet. Hovedfokus er internasjonal handel, se f.eks. hans utgivelse *Free Trade Agreements and Globalisation*, Palgrave Macmillan 2018.

**Christel Elvestad** (f. 1972), professor ved Handelshøgskolen, Nord universitet. Elvestad arbeider innen feltet internasjonal politisk økonomi med vekt på globale verdikjeder og matvarehandel.

**Edgar Henriksen** (f. 1957) er seniorforsker ved Nofimas avdeling for næringsøkonomi og er fiskerikandidat med spesialisering i samfunnsøkonomi. Han har erfaring fra offentlig forvaltning og privat rådgiving. Henriksen bidrar i boka *Fisken og folket* (Orkana, 2016).

**Finn Arnesen** (f. 1962) er professor i rettsvitenskap og ansatt ved juridisk fakultet, Universitetet i Oslo, hvor han er ansvarlig faglærer for EØS-rett. Han er bidragsyter til, og en av redaktørene av, Arnesen et al. (red.), 2018, *Agreement on the European Economic Area – A Commentary*. Nomos Verlagsgesellschaft.

**Frode Nilssen** (f. 1960) er professor i internasjonal handel og markedsføring ved Handelshøgskolen, Nord universitet og forskningsprofessor ved Fridtjof Nansens Institutt. Hans forskning har særlig fokus på strategi og betingelser for internasjonal handel med sjømat.

**Frode Veggeland** (f. 1968) er professor ved institutt for helse og samfunn, Universitetet i Oslo og forsker ved NIBIO. Se f.eks. H. Rommetvedt og F. Veggeland (2019): Parliamentary Government and Corporatism at the Crossroads. *Government and Opposition*, 54(4), 661–685.

**Gisle Solvoll** (f. 1959) er professor i transportøkonomi ved Handelshøgskolen, Nord universitet (HHN). Solvoll arbeider med økonomiske analyser innenfor samferdselssektoren.

**Gordon R. Munro** (f. 1934), professor ved University of British Columbia. Munro er forfatter av *The Economics and Management of World Fisheries* (med T. Bjørndal, OUP) og *Game Theory and Fisheries Management: Theory and Applications* (med Grønbæk, Lindroos og Pintassilgo, Springer).

**Hege Medin** (f. 1973) har en ph.d. i samfunnsøkonomi og er seniorforsker ved Norsk Utenrikspolitisk Institutt. Hun har nylig publisert artikkelen «Free trade agreements in a small, open economy: the case of Norway» i *The World Economy* (2019), 42, 3438–3446.

**Markus Aurelius Beckstrøm Laurantzon** (f. 1992) er advokatfullmektig i Wikborg Rein. Høsten 2019 og våren 2020 var han vitenskapelig assistent ved Nordisk institutt for sjørett, Universitetet i Oslo, og skrev om det globale handelsregimet for fisk, inkludert sammenhengene mellom EØS, EU og WTO.

**Per Botolf Maurseth** (f. 1969) er førsteamanuensis ved Handelshøgskolen BI, Institutt for samfunnsøkonomi. Maurseth arbeider med internasjonal økonomi, økonomisk geografi og økonomisk vekst.

**Terje Andreas Mathisen** (f. 1978) er professor i samfunnsøkonomi og prodekan for forskning ved Handelshøgskolen, Nord universitet (HHN). Mathisen arbeider med anvendt mikroøkonomi og har et spesielt fokus på økonomiske analyser innen transport.

**Trond Bjørndal** (f. 1953), professor, Samfunns- og næringslivsforskning (SNF); tidligere NHH, NTNU, Univ. of Portsmouth og World Fish. Forfatter av *The Economics of Salmon Aquaculture* (med F. Asche, Wiley) og *Economics and Management of World Fisheries* (med G.R. Munro, OUP).